

2019

Seim skule

Lindås kommune

Dato: 27.03.19



ELEVANE SITT SKULEMILJØ

Rapport frå rektor, i samsvar med årshjul for oppfølging av retningslinjer for skulemiljø kap. 9a

Vurdering frå rektor:

1. Beskriv skulen sin praksis i høve til korleis de ivaretek plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Svar her:

Dei tilsette får kvar haust ein gjennomgang av kap.9a i opplæringslova og kva som ligg i lovkrava og vår handlingsplikt. Dei vert også minna på plikta i samband med at konkrete saker som dukkar opp. Foreldra vert informert om regelverket rundt kap. 9a i opplæringslova på foreldremøte kvar haust.

Når skuleleiinga får melding om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, sett vi i gang ei undersøking av saka umiddelart. Undersøkingar som vert gjort er samtale med elevar, observasjonar inne og ute, samtale med foreldre og med tilsette. Undersøkinga resulterer i ein tiltaksplan der det er lagt inn tiltak som ein i samarbeid med dei involverte, tenkjer skal ha ein positiv effekt på eleven sitt skulemiljø.

2. Korleis ivaretek de plikta til å straks varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar?

Svar her:

Om vi får klare meldingar om slike hendingar, vil vi melde frå til skuleeigar og handsame saka vidare i tråd med retningslinene.

Vi har hatt ei litt spesiell sak i år som etter ei vurdering, ikkje vart meldt til skuleigar. Vi var/er litt usikre på om vi skulle ha meldt saka. Saka handla om at ei mor var redd for at læraren ikkje likte dottera – på grunnlag av kva jenta sa heime. Det var gjort grundige undersøkingar, PPT var også med i dette arbeidet. Saka vart «oppklart» og tillitsforholdet vart gjennomretta.

3. Beskriv korleis skulen ivaretek plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

Svar her:

I tiltaksplanen er tiltaka skildra mest mogleg konkret. Det går og fram av planen kven som har ansvar for gjennomføringa av dei ulike tiltake. Tiltaksplanen går over eit bestemt tidsrom, og det vert alltid gjort avtale om oppfølgingssamtale med dei det gjeld (elev og foreldre). Om tiltaka ikkje har hjelpe på eleven sitt skulemiljø, vert nye tiltak planlagt. Om eleven sitt skulemiljø har endra seg til å bli trygt og godt, held vi likevel fram med observasjonar og samtalar. Vi har ein klar intensjon om å følgje med og fange opp om skulemiljøet endrar seg i negativ retning igjen for eleven det gjeld.

4. Korleis får de kjennskap til korleis elevane opplever at skulen ivaretek aktivitetsplikta?

Svar her:

Alle elevane i 5.-7.klasse svarer på Elevundersøkelsen kvar haust. Elevane i 1.-4.klasse gjennomfører trivselsundersøkelse kvar haust og vår. Resultat vert drøfta i klassen og i elevrådet. Elevane har høve til å kome med innspel til forbetringstiltak begge stadar. Elevane er i tillegg representerte i SU/SKMU og kan her uttala seg om skulemiljøet.

I det førebyggjande arbeidet legg vi vinn på å ta elevane med i planlegging av aktivitetar og tiltak som kan vere med til å utvikle eit godt skulemiljø. Elevane er aktive her. Vi har månadssamlingar der elevane på ulikt vist får vist kva dei kan og er gode for. Vi vektlegg også da kor viktig det er å vise kvarandre respekt gjennom «tilskuarrollen». Vi arbeider heile tida med å bygge fellesskap og god skulekultur.

5. Korleis opplever elevane at skulen ivaretek aktivitetsplikta?

Svar her:

Vi trur elevane opplever at dei vert tatt på alvor. Dette kjem i hovudsak fram i Elevundersøkelsen.

Dei elevane som det er laga tiltaksplan rundt, vil i perioden tiltaksplanen går ha jamnlege samtalar med kontaktlærer, sosiallærer og/eller helsesøster for å sikre at eleven kjenner seg ivaretatt og høyrte.

6. Kva er di vurdering i høve til om skulen oppfyller aktivitetsplikta? Grunnge svaret ditt.

Svar her:

I hovudsak meiner eg skulen er god på å oppfylle aktivitetsplikta. Det kan glippe nokre gongar, då i hovudsak i høve til vikarar vi ikkje har informert godt nok. Andre gongar kan det og skje at dei tilsette sjølv søkjer å ordne opp i saker utan å varsle.

Lokal arbeidsmiljøgruppe skal i nær framtid utarbeide ein plakat om «handlingsplikta». Denne skal henge som oppslag i klasserom og i gangar og minne alle på plikta.

7. Dersom skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta: Kva tiltak vil du setje i verk? Treng du hjelp frå skuleeigar i denne smanheng?

Svar her:

Vi skal som sagt over, utarbeide vår eigen handlingsplakat – oppslag og påminning. Vi treng ikkje hjelp til dette.